

STRYN
REKNESKAPSLAG
Autorisert rekneskapsførarselskap

Til medlemne med gardsrekneskap

ÅRSOPPGJER 2013

*Så er det igjen tid for årsoppgjer, og vi sender det etter kvart så kjende spørreskjemaet. Alle må fylle det nøye ut og gå gjennom kontrollista som er hefta ved. Eit ufullstendig utfylt skjema påfører oss mykje ekstraarbeid og **deg ekstrakostnad**. De har såleis god "betaling" for dei minuttane det tek å gjere nøyaktig arbeid her. Årsoppgjeret er ei tøff tid for oss som arbeider på rekneskapskontoret, med mykje arbeid på kveldstid og i helgane. Vi ber derfor innstendig om at de legg tilhøva til rette for at vi kan få redusert dette kvelds- og helgearbeidet mest mogleg. Dette gjer de ved å levere bilag og skjema så korrekt som muleg.*

FRISTAR FOR INNLEVERING:

7. JANUAR: *Lønningar, reiserekningar m.m*

24. JANUAR: *Spørreskjema og alle bilag de har fått inn.
Alle andre bilag må leverast fortløpande.*

NYTT – NYTT – NYTT – OG LITT TERPING PÅ GJENGANGARAR

Opplysning på bilag


Vi har gong på gong bedt om at de påfører faktura med bygningsmaterial opplysning om kva for bygning dette er brukt til, og om det er vedlikehald eller påbygg / nybygg. ***Dersom slike opplysningar ikkje vert påført må vi føre dette på våningshuset, og de får såleis ikkje tilbake momsen og ikkje utgiftsført kostnaden.***

Dersom de skal oppføre nybygg må vi bli orientert om dette før byggestart. Dette er særleg viktig dersom noko av bygget skal leigast bort.

De som har både næringsbil og privatbil **må** føre på drivstoffrekninga kva bil dette er brukt til – elles må vi føre det på privatbilen.

10.000,- grense.

Frå 1/1 2011 vart det innført eit krav om at all betaling for varer og tenester på over kr 10.000,- ikkje kan gjerast kontant, men må skje over bank (kort, giro eller nettbank). Dette er eit krav for at kjøp av varer/tenester/lønn skal gje frådragsrett og gjeld både meirverdiavgift og skatt. Om ein betalar kontant vil ein i tillegg bli ansvarleg for skatten til seljaren dersom han ikkje gjev opp denne inntekta på si sjølvmelding.



Driftskonto / privatkonto

Dei aller fleste kan spare mykje på rekneskapsutgiftene ved å nytte driftskontoen berre til betaling innan næringa. Dersom du brukar privatkonto til næringsbetaling må det merkast tydeleg på giroen, og betalar du privatutgifter frå driftskontoen må dette privat bilaget leggest ved i rekneskapen.

Enkelte likar å "spare" pengar ved å kutte ut øra ved betaling over nettbank. Dette fører til mykje meirarbeid for oss under avstemninga og meirkostnaden vert minst 100 gongar meir enn "sparebeløpet".

Samtalepartner innan økonomi og skatt

Det er tider då alle treng ein stad/ein person å ta kontakt med når det gjeld økonomiske spørsmål. Det kan vere i nedgangstider eller under planlegging av store investeringar. Som din rekneskapsfører har vi god informasjon om di verksemd og kan hjelpe med råd innan investeringar/likviditet, budsjett, kostnadsvurderingar og skattespørsmål. Ofte er det stor hjelp berre det å få "lufte" nye idear og få nokre tal "på papiret". Minner om at vi har teieplikt.

Har de spørsmål til noko av det som står i dette julebrevet ta kontakt med din rekneskapsfører.

Telefonnummer

Telefonliste:

Sentralbord	57 20 34 00	post@strynrekneskap.no
Siv Lindvik	57 20 34 00	lindvik@strynrekneskap.no
Erik Ivar Ulvedal	57 20 34 02	ulvedal@strynrekneskap.no
Idar Skogli	57 20 34 03	idar@strynrekneskap.no
Sonja Bratland	57 20 34 04	sonja@strynrekneskap.no
Elin Flore	57 20 34 05	elin@strynrekneskap.no
Jorunn B. Roset	57 20 34 06	roset@strynrekneskap.no
Alvhild Tenden	57 20 34 07	tenden@strynrekneskap.no
Bjørn Rørtveit	57 20 34 08	rortveit@strynrekneskap.no
Johan Berge	57 20 34 09	berge@strynrekneskap.no
Per Jakob Tunold	57 20 34 11	tunold@strynrekneskap.no
Roar Alsaker	90 50 47 19	alsaker@strynrekneskap.no

Så vil vi alle her på kontoret ynskje deg og dine ei riktig god jul og eit fredeleg nytt år!

6781 Stryn 16/12 2013

Med vennleg helsing